

Hans'n i Båreneset

Engelen

Ein ny varm sommardag var i emning, sola klatra dei skogkledde åsane og sende eit gyllent slør utover bygda. Eit linerlepar var i full gang med å finne mat til avkommet sitt som gapte og skreik med dei rosa nebba sine og fekk aldri nok. Måsen og hegren hadde det like travelt, og eit ternepar jaga ein tjuvjo som desperat prøvde å naske til seg ein godbit frå reiret som låg på ein liten grasfleck ute på holmen. Hans'n i Båreneset sov som eit lite barn, og ensa ikkje det travle livet utafør. Det hadde vorte seint før han kom seg i seng kvelden før, Jon i Hamna hadde vore der og reparert motoren hans. Etter på hadde Hans'n bedt han opp på eit glas øl. Dei hadde prata om laust og fast og det eine ølglaset vart til fleire. Brått banka det det på døra, men Hans'n berre snudde seg i senga og sov vidare. Det banka ein gong til, denne gongen hardare. Han spratt opp og gnikka seg i augo.

«Ka fan er det som skjer!» mumla han for seg sjølv. Han fekk på seg buksa og gjekk mot døra, i det same banka det endå ein gong. Han reiv døra opp og vart ståande berre å stire.

«God morgon Hans!» sa ei lys kvinnestemme.

Augo til Hans'n heldt på å sprette ut or skolten hans. Det såg ut som ein engel som stod framfor han.

«Go..go morgon,» stamma Hans'n. «Å e da deg Solveig, ka ærend ha ei slik vakker jente så tidleg på dag?» Solveig såg sjenert ned på skotuppane sine.

«Eg skulle ein tur på krambua i dag og så skulle eg høyre frå mor om du kunne komme å skifte noko kledning på husa heime!»

Hans'n kremta og såg på det vakre ansiktet som stod framfor han.

«Kan skjöne da!» svara han. «Eg kan komme i dag eg, dersom da hastar!»

«Livet i Fjorden»

«Nei da ha'kje noke bråhast!» svara Solveig. «Du får komme når du har tid, eg får skunde meg vidare, eg lova mor at eg ikkje skulle være so lenge borte, ha da!»

«Ha da!» mumla Hans'n, og så var ho borte.

Hans'n vart ståande i tankar ei stund, så snudde han på hælen og gjekk innatt på kjøkkenet. Solveig ja, henne hadde han ikkje tenkt på! Ho var jo rett fram ei pene jente, men han hadde liksom aldri sett henne på så kloss hald før. Mor hennar "Svarte Gunda" skjerma om ho som om ho skulle vera gull. "Svarte Gunda" var den mest gudfryktige som nokon gong hadde vorte født til denne jord, så Solveig var ikkje akkurat den jenta som hadde vore for mykje på ute blant folk. Ho fekk aldri lov til å gå på dansefest, eller andre tilstellingar som det vanlege bygdefolket gjekk på. Det var bannlyst av "Svarte Gunda", for henne var det berre bibelen og det heilage ord som skulle høyrast, alt anna var satans verk. Etter at mannen hennar døydde for ti år sidan, måtte Solveig vere heime å pleie mora, ho hadde liksom aldri komme over det at han omkom på sjøen i ein forrykande storm. Dårleg i beina var ho òg vorten på sine gamle dagar, og det formyrka sinnet hennar gjorde det no ikkje betre. Men ho kvikna som oftast til om haustane når svovelpredikantane kom og samla til bønnemøte rundt om på gardane, då kreka ho seg av garde uansett ver og vind. Ein kan vel ikkje sei at Solveig hadde det så godt heime i Ospevikja hjå mora, ho var ein tyrann som ingen torde sei i mot, men som den trufaste tenar Solveig var, måtte ho finne seg i det meste.

Hans'n stappa seg ei pipe medan han slurpa på den nykokte kaffien. Solveig ja, ho var nokre år yngre enn han, ho hadde nok så vidt runda tredve, trudde han. Det var mest for jævilgt at eit godt vokse kvinnfolk skulle verte hersa slik med av mora. Ho var jo beint fram smellvakker, med langt lyst hår som ein bognande kornåker. Men så lenge "Svarte Gunda" levde, fekk han nok ikkje innpass der på garden. Han kveikte pipa endå eingong, han skulle jaggu avlegge "Svarte Gunda" ein visitt alt i morgon, så skulle det nok verte ei råd med kledningen hennar. Han reiste seg og gjekk ut i

«Livet i Fjorden»

eldhuset får å finne fram verktøyet, slik at det var klart til neste dag.

Hans'n i Båreneset var tidleg oppe neste dag. Han skulle i Ospevikja til "Svarte Gunda" å skifte noko roten bordkledning på våningshusa."Svarte Gunda" gav han no blanke fan i, han var meir interessert i dottera Solveig. Han hadde lege og tenkt. Fantasert om henne mest heile natta, så det var ikkje mykje han hadde sove. Ho var som ein engel som hadde stege ned frå himmelen for å gje han eit bodskap. Jau, ho hadde rett nok hatt med seg eit bodskap, men det kom langt bak i leksa. Det var ho sjølv som var bodskapen til han, ei påminning om at han var halvveges i livet, eit liv utan kvinnfolk. Ei påminning om at han måtte tre ut av ungarstandsstanden og vie sitt liv til "kjødets lyst", som det så fint heiter. Han stappa pipa og humra for seg sjølv.

«Du er pinadø forelska din gamle dævell!» sa han høgt med seg sjølv, og så lo han hjarteleg. Hans'n var i skikkeleg godlune må vite, oppglødd som ein tenåring. Han henta verktøyet i eldhuset og sette kursen innover vegen mot Ospevikja.

Det tok ein halvtime å gå den kronglete vegen inn i Ospevikja. Å kalle det veg var vel ikkje rette ordet, det var meir som ein sti som snodde seg rundt store steinblokker og bratte hamrar. Han kunne ha teke båten å rodd inn, men det tok mest like lang tid som å gå. Då han var nesten framme, stansa han for å kvile litt. No såg han inn i Ospevikja der husa låg innerst i bukta med den ruvande fossen i bakgrunnen. Det var vakkert her inne, stille, fredelig og einsamt for dei som likte å bu for seg sjølv utan at naboen såg kva ein dreiv med. Nedanfor husa sto eit par hesjar som snart var tørre og klar til å berast i hus. Det var ingen stor gard, det hadde i si tid vore ein husmannsplass, men det såg ut som "Svarte Gunda" klarte seg med to kyr, ein gris og nokre sauer. Hans'n tok fram pipa si og stappa ho godt før han kveikte i, så let han den blå røyken sive ut av munnen og den steig til vers som ei lita sky. Sola varma godt, endå det var tidleg på morgonen. Han reiste seg og tok sekken med

«Livet i Fjorden»

verktøy på ryggen og rusla vidare.

Det var ingen å sjå i tunet då han runda låven, så han gjekk stille bort til døra og banka forsiktig på. Han hørde at det gjekk i ei dør og skritt som nærma seg. Utedøra gjekk opp, og der stod engelen i dørøpinga. Hans'n vart litt forfjamsa med det same han såg ho, men tok seg raskt inn att.

«God morn Solveig!» sa han muntert og tok av seg huva. «E frua heime?»

«God morn att!» svara Solvieg like muntert. «Jau då, frua e heime, vi ska akkurat te å ete frukost. Vil du ikkje komme inn å få deg ein matabit før du tek til med arbeidet?»

Hans'n drog litt på det, men det var kanskje lurt å diskutere litt med gamla før han sette i gang.

«Jau takk som spør!» svara han og sette sekken frå seg ute på tune. Han gjekk inn i gangen og såg seg ikring. Til høgre gjekk ei smal trapp opp på loftet, og på venstre sida ei halvopen dør som sikkert måtte føre inn til kjøkkenet. Rett fram var det ei dør som han rekna med førte inn til stova. Han hengde huva frå seg på trappe stolpen og dilta etter Solveig mot kjøkkenet.

"Svarte Gunda" sat som ei drone ved bordenden i kledd svart kjole og det grå håret kjemma stramt bakover og enda i ein knute i nakken. Han såg at det var dekkja på til tre, så dei hadde nok venta han.

«God morn!» helsa Hans'n og bukka lett.

«Jau god morn Hans, du e tidleg på'an ser eg!» Ho var stram i maska og det skrukkete andletet såg ut som gammalt lær, og nasa minte han om eit ørnenebb.

«Du får sjå å få sitte!» Hans'n sette seg ved den andre bordenden slik at han sat rett ovanfor "Svarte Gunda, medan Solveig skjenkte kaffi og sette seg ved langenden midt i mellom dei.

«Eg rekna med at du kom tidleg, så vi venta med frukosten,» sa gamla og strakte ein skrukkete neve fram etter fløyte muggen. Fingrane var tunne og såg ut som klør.

«Livet i Fjorden»

«Men først må vi lese bordbøna!» sa ho med hes stemme.

Hans'n folda nevane slik som dei to andre og bøygde hovudet medan "Svarte Gunnvor" formante si bordbøn med messande røyst:

*En fattig sæd med sukk vi sår;
Vår dag er kort, vår aker hård;
Men komme skal med evig trøst
Et jubelår, en gyllen høst!
AMEN!*

«Versågod, forsyn deg Hans av vårt ringe bord!»

«Jau takk som byr!» svara Hans'n og tok ei brødskiye frå fatet, smurde på smør og hadde dugeleg med gammalost og sirup på. Brødet var heimelage, det var nok Solveig som stod for den prestasjonen, tenkte han. Godt var det òg.

Det vart ikkje sakt så mykje under måltidet, berre det vanlege om vind og vær og daglegdagse ting. Han smug kikka bort på Solveig av og til. Håret hadde ho samla i ein knute i nakken akkurat som mora. Det var ofte slik dei gjekk kledd dei gudelege, dei måtte til ein kvar tid vere anstendige. Ho hadde på seg ein einsfarga blå kjole med krage og knappar opp til halsgropa. Men under kjolen kunne han sjå konturane av to faste fyldige bryst som liksom streva etter å få komme ut av fengselet. Han trudde ikkje at Solveig var så svært gudeleg av seg, men ho hadde ikkje noko val så lenge mora regjerte over livet hennar.

Etter måltidet takka han pent for maten og gjekk ut i sommarsola får å få seg ei pipe tobakk. Han tok eit raskt overblikk over kva som måtte gjerast, fann fram verktøyet sitt og sette i gang. Det nærma seg middag, og Hans'n var mest halvferdig med arbeidet. Han gjekk bort på låven for å hente meir bordkledning, då han hørde det gjekk på låvebrua. Han snudde seg og myste mot

«Livet i Fjorden»

skarpe lyset ute, inne på låven var det halvmørkt så han såg ikkje så mykje i motlyset. Men så mykje såg han at inn på låven kom ein engel i blå kjole med retning rett mot der han stod. Solveig rende nesten på han der han stod og såg på henne, og heldt på å ramle.

«Øøjj....eg såg deg ikkje!» stamma ho. «Det var så mørkt her inne på grunn av den sterke sola ute, at eg ikkje såg noke!»

«Helt i orden da!» svara Hans'n og fekk tak i armen hennar før ho datt.

Han drog henne inntil seg og kjende den gode lukta av huda hennar, og heldt henne inntil seg litt lenger enn han burde. Han slepte henne forsiktig.

«Orsak!» stamma ho. Han såg at ho raudna i andletet no når han hadde vent seg til halvmørket.

«Ingen orsak, du kunne ha skada deg om du hadde ramla!» sa Hans'n med rusta stemme.

«Eg skulle berre gje beskjed om at da var middag!» sa ho og skunda seg ut att.

«Jau takk for da, eg ska komme med ein gong!» svara han og gjekk etter henne.

Dei sette seg til bords, og "Svarte Gunnvor" las bordbønna med stødige røyst. Det var Solveig som stod for serveringa. Ho diska opp med lettsalta torsk, fleisk, poteter og flatbrød. Hans'n merka at ho var så raud i kjakane, og kvar gong augo deira møttes, var det berre eit kort augneblink før ho sjenert slo blikket ned at. Kanskje var ho litt begeistra for han likevel? Han kjende at hjarteslaga auka takten kvar gong han såg på ho. Då dei var ferdig med måltidet, takka Hans'n høfleg for maten og gjekk ut på tunet og kveikte pipa.

Sola stod allereie lågt i vest då Hans'n var ferdig med arbeidet. Han samla saman bord bitar og spikar som var til overs og gjekk bort mot låven med dei. Då han kom opp på låvebrua, såg han at Solveig sat og venta på han. Hjarta gjorde eit hopp med det same.

«Sit du her og nyt kveldsola?» spurde han.

«Ja, da e so fint å sitte her om kveldane!» svara ho.

«Livet i Fjorden»

Hans'n la frå seg det han bar på og sette seg ned attmed ho. Dei vart sitjande ei stund i tagna, ingen viste liksom kva dei skulle sei. Hans'n såg på dei fine mjuke hendene til Solveig og la forsiktig eine handa si bort på hennar. Det for elingar gjennom han då fingrane deira møttest, og han klemde handa hennar forsiktig. Hans'n rette ryggen og kremta, så snudde han seg mot Solveig og såg ho inn i augo. No fekk det bere eller breste.

«Du Solveig, eg veit liksom ikkje korleis eg skal få sagt da, men eg...eg trur faktisk at eg eg er... likar deg svært godt!» Solveig senka blikket og ein sterk raudfarge bredde seg i andletet hennar. Ho svelgde eit par gonger før ho svara.

«Eg likar deg òg!» svara ho stilt, ha egentlig likt deg lenge. Trur faktisk at eg litt forelska i deg!» Ho lo med ein knisande latter og såg ned i golvet. Hans'n la armen rundt henne og drog ho inntil seg. Han kjende den gode lukta frå håret hennar og la andlet ned mot panna hennar. Solveig la hovudet bakover og såg opp på han, då greidde ikkje Hans'n å halde seg lenger, han bøygde seg ned og kyssa henne på munnen. Solveig svara med ein gong, og gav seg ende over i ein lidenskapleg rus.

«SOLVEIG!» Det skar som piskeslag gjennom lufta. Solveig reiste seg brått og ordna på håret før ho svara.

«Ja, mor?»

«Du får be Hans'n komme inn å få betaling fy arbeidet før han reiser!»

«Ja mor, eg skal sei da til han!» Svara ho.

«Solveig, kan du ikkje komme innom til meg neste gong du skal på krambua?» spurde Hans'n og såg på ho med drøymande auge.

«Jau da skal eg!» kviskra Solveig medan ho la hovudet inntil halsgropa hans. «Men eg er so redd for at mor skal oppdage det, du veit korleis ho er!»

«Livet i Fjorden»

«Ja eg veit da!» svara han. «Men dette skal nok ordne seg skal du sjå!»

Solveig gav han eit lett kyss på munnen før ho sprang på leitte bein bort att mot stova. Hans'n venta litt før han gjekk etter, han banka på før han gjekk inn. Gamla sat i stolen sin i stova med eit lite svart skrin på fanget. Augo hennar såg ut som ein rovfugl då ho såg på han. Ho opna skrinet og tok fram nokre setlar som ho gav han.

«Eg håpa ditta e nok!» sa ho med streng stemme.

«Jau da e meir enn nok!» svara Hans'n. «Og tusen takk skal du ha. Og skulle det være noke meir so du treng ei handsrekning med, så e da berre å gje beskjed!»

«Me får no sjå, svara!» "Svarte Gunda" medan ho let att skrinet og gav utrykk for at no var audiensen over. Hans'n takka for seg og gjekk ut, hivde sekken med verktøy på ryggen og gav seg på heimveg. Solveig torde ikkje fylgje han ut, ho var redd for at mora skulle merke noko, for då brake vel helvete laust. Hans'n plystra og smilte for seg sjølv der han for småspringande utover vegen. Dette hadde han aldri trudd, at han, ein godt voksen ungar skulle gå bort å forelske seg, og det beste av alt, Solveig var like forelska i han. Det var mest ikkje til å tru. Då han kom så langt inn, at han ikkje såg husa i Ospevikja lenger og ingen kunne høyre han, sette han i å syngje av full hals. Han var i den sjuande himmel.